



Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Postboks 8112 Dep  
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Svein Kornerud, 5557 2027

## Statleg planretningsline for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen - revisjon

Vi viser til arbeidet i Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) med revisjon av den statlege planretningslina for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen.

Fylkesmannen i Vestland var invitert til møtet i departementet den 07.05.2019. Vi meldte frå om at det dessverre ikkje var mogleg for oss å stille på møtet, då det var andre viktige oppgåver den dagen for de relevante personane i embetet, m.a. møtet om kommuneplanen i Bergen. Vi kan ikkje sjå at KMD har invitert til vidare tilbakemeldingar frå inviterte instansar, men vi er blitt kjente med at departementet arbeider vidare med revisjonen fortløpande. Vi ser det som viktig at departementet har oppdatert kunnskap for revisjonen.

Fylkesmannen i Vestland, tidlegare Fylkesmannen i Hordaland, har generelt stor erfaring med strandsonesaker i Hordaland som gjeld for fleire soner og med ulikt utbyggingspress. Hordaland er også nemnd som et område med stort utbyggingspress i omtalen av strandsona i Ot.prp. nr. 32 side 30, forarbeida til pbl. av 2008. Vi er den instansen som har best kunnskap om og nærmast forvaltning med kommunane i Sunnhordland som inntil no er plasserte i sone tre i staden for sone to i ein prøveperiode. Vi har også stor erfaring med etablering av naust og brygger. Vi ser dette som viktige tema i ein revisjon av den statlege planretningslina for strandsona.

Vi bidrar gjerne med vår erfaring til revisjonen av planretningslina. Pga. stort arbeidsmengde og ferie kan vi no berre gi ein rask og førebels uttale. Vi har heller ikkje fått tid til gjennomgang av dei utgreiingane som ligg føre. Vi konsentrer oss her om to tema:

- Prøveprosjektet i Sunnhordland,
- naust og brygger i planretningslina.

I tillegg er det eit tema som går att og som er særdeles sentralt i Hordaland, løyve til og planlegging av fritidsbustader, inkludert oppdatering av eldre planar for fritidsbustader. Vi vil gjerne komme attende til det, samstundes som vi kan utdjupe merknadene her.



1. Sunnhordland – kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Stord, Sveio og Tysnes – vurdering av prøveprosjekt.

Prøveprosjektet – interkommunal strandsoneplan

Kommunane i Sunnhordland, kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Stord, Sveio og Tysnes, skulle i utgangspunktet plasserast i sone to pga. utbygginga og presset på utbygging i strandsona. Dei aktuelle kommunane er i dag plassert i sone tre som eit prøveprosjekt, der Sunnhordland er ein pilotregion for differensiert strandsoneforvaltning. Soneplasseringa skal vurderast på nytt etter erfaringane med pilot-/prøveprosjektet.

Sunnhordland søkte om å vere pilotprosjekt for differensiert strandsoneforvaltning i 2010 og la til grunn for søknaden at kommunane skulle utarbeide ein felles interkommunal plan for strandsona. Den skulle gi felles løysingar for forvaltninga av strandsona i regionen. Kommunane skulle teste ut forvaltninga etter planen over fire – fem år. Dette arbeidet og forvaltninga skulle so bli evaluert, gjerne gjennom følgjeforskning. Under prøve-/og pilotperioden skulle kommunane vere plasserte i sone tre. Ved vurderinga skulle soneplasseringa takast opp på nytt. Det er i retningslinene sagt at plasseringa skulle vurderast på nytt i 2014. Planarbeidet har dratt ut i tid og er forlenga.

Både Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland, no Fylkesmannen i Vestland, har i det vesentlege av planarbeidet følgt det tett. Fylkesmannen i Hordaland ytte 2 millionar kroner til arbeidet i skjønsmidlar. Hordaland fylkeskommune ytte ein halv million kroner til planarbeidet. Både fylkeskommunen og Fylkesmannen har også nytta store personellressursar og mykje bistand til planarbeidet, slik at samla bidrag frå fylkeskommunen og Fylkesmannen er betydeleg.

Det har vore krevjande å følgje planarbeidet, då kommunane har forsøkt å «*utfordre gjeldande lovverk*», som kommunane har formulert det. Det har ofte gitt lange ordskifte om rammene for lova. Vi viser m.a. til brev av 14.03.2014 til KMD frå kommunane ved alle ordførarane der dei uttaler som ein overskrift at: «*Innanfor planområdet til «Interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland» skal ikkje plan- og bygningslova § 1-8 gjelda.*» Med ei haldning i Sunnhordland om at pbl. § 1-8 og det nasjonale strandsonevernet ikkje skal gjelde for planarbeidet og strandsoneforvaltninga i Sunnhordland, tør det vere openbart at det har vore krevjande for stat og fylkeskommune å delta i planarbeidet. I tillegg har det vore intern ulik haldning i kommunane.

Avslutning av vidare arbeid med interkommunale strandplan utan ferdig plan.

Vi gjer oppmerksom på at planarbeidet for den interkommunale planen no er nedlagt utan planresultat. Det går fram av årsmeldinga for 2018 frå styret i samarbeidsrådet i Sunnhordland for godkjente årsmøtesaker pkt. 2.4.1 at samarbeidsrådet i møte den 01.02.2019 gjorde følgjande vedtak om den interkommunale strandsoneplanen for Sunnhordland:

1. *Samarbeidsrådet avsluttar vidare arbeid med ein interkommunal planprosess for Sunnhordland.*
2. *Samarbeidsrådet tek inn over seg at målet om ein interkommunal plan som spennes så vidt neppes er mogleg å etablera gjennom ein slik planprosess.*
3. *Samarbeidsrådet er tilfreds med at det gjennom prosjektet er utvikla viktig kunnskap og stiller kunnskapsgrunnlaget til rådvelde for dei deltakande kommunane. Fellesdelen og arbeidet med felles føresegner vil ikkje gje noko bindingar for kommunane, men vil truleg over tid medverka til ein meir sams forvaltning av strandsona i Sunnhordland og Fusa.*



4. *Dei metodiske tilnærmingane og analysane som er gjort i området gjev støtte for at dei aktuelle kommunane også i fortsetjing ligg i kategori 3 med omsyn til statlege retningsliner for differensiert strandsoneforvaltning.*

Det vesentlege og reelle innhaldet i vedtaket synast å vere at arbeidet med den interkommunale strandsoneplanen blir avslutta utan resultat, og at samarbeidsrådet ikkje ser det mogleg å etablere ein felles strandsoneplan gjennom ein slik planprosess. I grunngevinga har samarbeidsrådet sagt m.a. følgande:

*«Det er ikkje grunnlag for å fremja eit sett av felles føresegnar, då det ligg i soneplanleggjinga sin natur at juridiske bindingar for arealbruk må gjerast ut frå god kunnskap opp stadbundne kvalitetar og at den einskilde føresegn og arealsone også må vurderast opp mot ulike lokale interessentar. Område som er teke opp i denne planen gjer ikkje ei slik tilnærming mogleg med dei ressursar som kan stillast til rådvelde i eit slikt prosjekt.»*

Vi kan ikkje sjå at det har mangla ressursar til planarbeidet, sjå ovanfor. Det har også kunne trekke vekslar på arbeidet med den regionale kystsoneplanen for Sunnhordland og ytre Hardanger som til dels har skjedd parallelt og gitt kunnskap til planarbeidet. I røynda seier samarbeidsrådet i grunngevinga som er sitert, at grunnlaget for pilot-/prøveprosjektet ikkje er til stades.

Vi gjer merksam på at korkje fylkeskommunen eller Fylkesmannen har mottatt melding frå sunnhordlandsrådet eller kommunane om at planarbeidet er avslutta trass at det er ytt store midlar og bistand til arbeidet. Vi finn det ovannemnde i årsmeldinga.

#### Vurdering av soneplassering av kommunane i Sunnhordland.

Vi kan ikkje sjå at premissane for å vurdere pilot-/prøveprosjektet ligg føre. Det er avslutta utan plan og utan dei føresetnadene som kommunane sjølve sette for prosjektet, er gjennomført. Det ligg ikkje føre grunnlag for å prøve ut forvaltninga av strandsona i Sunnhordland. Slik som pilot-/prøveprosjektet har vore, det vi har erfart av planarbeidet og slik det no er avslutta, talar det ikkje for at kommunane skal plasserast i sone tre framover.

Sunnhordland har det største utbyggingspresset i Hordaland utover Bergen og nærområdet til Bergen. I Sunnhordland er det særleg tiltak for fritidsbustad som gir byggepress. Mange av kommunane i Sunnhordland har eit stort tal fritidsbustader og særleg i strandsona. Det gjer stort press på strandsona for privat fritidsformål. Det er eit formål som ikkje skal prioriterast i strandsona etter planretningslina. Likevel gir kommunane i Sunnhordland det stor prioritet som utbyggingsformål. Forsøk frå administrasjonen på å avgrense utbygginga i strandsona blir i fleire av kommunane i stor grad endra av politisk utval til utbygging. Det går att i fleire av kommunane og viser lita forståing for forvaltning av strandsonevernet.

Anna formål som det skal gis rom for i strandsona, er ikkje so ofte ei utfordring i desse kommunane. Det har sjeldan vore konflikt om næringsområde til sjø der det er tale om sjørelatert næring. Det same gjeld for fiskeriverksemd.

Planretningslinene for strandsona opnar m.a. for bygging av naust. I Bømlo og Austevoll har det vore tema at kommunen er innstilte på at bygde naust skal få bruksendring til fritidsbustad. Det har særleg vore tilfelle i Bømlo, der kommunen fremmar sakene gjentatte gonger, trass i klår rettleiing frå oss.



Bømlo har også mange store naust som synast å vere fritidsbustader. Det synast å vere tilfellet også i Austevoll. Her er nok store mørketal. Det synast derfor å vere grunnlag for korreksjon av dei utgreiingane som ligg føre om kva som blir bygd i strandsona og status til bygga. Uthusa som naust kan vere bygd som eller i bruk som fritidsbustader.

I Bømlo fremmer også kommunen reguleringsplanar for fritidshus i strandsona, direkte til sjø, der vi finn at områda blir alt for tett utnytta, maksimalt med fritidsbustader og utan grøntareal. Vi kan ikkje sjå at det er i samsvar med strandsonevernet eller dei statlege planretningslinene for strandsoneforvaltninga, eller i det heile med moderne planlegging. Vi har for augeblikket ein motsegn og fleire negative uttaler til slike forslag til reguleringsplanar for fritidsbustader. Vi forstår av opplysningar frå kommunen at det vil komme fleire. Vi antar at det vil kunne bli om lag 10 – 12 slike reguleringsplanar i kommunen der vi vil ha motsegn til planane pga. omsynet til strandsona og ålmenta. I tillegg er manglande gjennomgang og manglande oppdatering av eldre reguleringsplanar for fritidsbustader eit gjennomgåande tema.

Vi gir her eksempel på dei utfordringane som presset på strandsona gir i Sunnhordland. Forvaltninga er ulik i kommunane, men i nokre kommunar er det trong for å stramme inn strandsoneforvaltninga. Det skapar utfordringar for Fylkesmannen med tanke på å jobbe for rettstryggleik og lik sakshandsaming, når kommunane legg til grunn ei lovforståing og ein praksis som vi viser til her.

Det ovannemnde talar etter vår meining for at dei aktuelle kommunane som no er i sone tre som ei prøveordning, blir plasserte i sone to i denne revisjonen. For enkelte kommunar synest det ikkje å føre til noko endring, då kommunen har ein generelt god praksis i dag for omsyna i strandsona. For andre kommunar ser vi det som nødvendig, ut frå byggepress og praksis å vurdere om prøveordninga med å ligge til sone 3 har fungert etter intensjonen. I tillegg til det generelt høge byggepresset har regionen òg område med særleg store, nasjonalt viktige natur og strandsoneverdiar som må handterast i plansamanheng. Eit døme på dette er Fitjarøyane, som krev eit særleg fokus, jf. konklusjonane etter at området i si tid vart vurdert i samband med nasjonalparkplanen.

## 2. Naust og brygger.

Vi har ovanfor peika på utfordringane med å tillate naust i stor grad. Det er press på å nytte nausta som fritidsbustader. Det gir store utfordringar både for kommunane og for regional og statleg sektor for å sjå til at naust er nytta som naust, for å ta vare på omsynet til ålmenta, landskap og natur. Det gir utfordringar der vi igjen må ha særskilte og detaljerte reglar for nausta for å motverke ulovleg bruk, sjå t.d. den regionale kystsoneplanen for Sunnhordland og ytre Hardanger. Det som er sagt der om naust er strengt naudsynt i Hordaland, men samstundes skapar dessverre konflikt når retningslinene vert utfordra i kommunal planlegging. I vår region ser vi difor trong for å få klarlagt om det er trong for å etablere naust i så stort omfang som det som vert forventa å vere mogeleg i dag.

Vektlegginga av å vurdere å tillate naust og brygger i planretningslina er vanskeleg å forstå slik det er utforma, at det er grunnleggjande med fritidsfiske. Det kan ein også gjere, frå land, frå svaberg, eventuelt frå båt med utgangspunkt i større felles hamneanlegg. Det bør difor vurderast nøye om grunngevinga for å tillate naust og brygger har fungert etter intensjonen i prøveperioden.



Med helsing

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør

Egil Hauge  
seksjonsleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN